Handlingsplan – helse, sosial og omsorg 2027–2028

«Skal me bevara må me endra»

Lesarrettleiing:
Handlingsplanen byggjer på måla og strategiane i kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2023–2033. Handlingsplan viser kva me skal prioritera i 2027–2028. Planen blir rullert i 2027, og då kan me leggja inn nye prioriteringar. Handlingsplanen dekkjer ikkje alt utviklingsarbeid i tenestene, og grøne kapittelnummer er opp mot kapittel i grunnlagsdokumentet. Handlingspunkta er delte i tre kategoriar: **Oppdrag (O)** = tiltak utan økonomisk verknad. **Tiltak (T)** = tiltak som krev endringar i driftsbudsjettet. **Investeringar (I)** = tiltak som påverkar investeringsbudsjettet.

Oppdrag/ tiltak i 2027-2028			V 27	H 27	V 28	O T I
Samfunns-utvikling og tilrettelegging Kap 2	1	Opprette funksjon som samfunnskontakt. Rolla skal samarbeide med frivilligheita om samfunnsutvikling, og leggje til rette for å utløyse potensialet i frivillig sektor og lokalmiljø.			X	T
	2	Arbeida for å bli ein meir samskapande kommune. Gjera informasjon om «Bu trygt heime», friskliv, møteplassar og aktivitetstilbod meir tilgjengeleg. Dette gjeld òg informasjon om økonomiske verkemiddel.			X	O
	3	Vidareføra utvikling og setja i verk drift i tråd med Husbanken-prosjektet, i takt med tilskot og ressursar. Aktuelle prosjekt er Haugen/Askebærhaugen, Teiglandshagen m/skjerma eining, Soltun II Langevåg omsorgstun, og BUS-tomta.	X	X	X	O/T/I
Førebyggjande helsearbeid, rehabilitering og meistring/ deltaking/ til rette-legging Kap 3.1.-3.3.	4	Styrkja samhandling med eksterne, og oppgåver som går på tvers av tenestenes våre: • Rulle ut tenestestandardar med auka fokus på naudsynte lovpålagte oppgåver • Etablere samhandlingsteam som sikrar koordinert og heilskapleg oppfølging av brukar med samansette eller langvarige behov. • Styrkje heimerehabilitering og kvardagsmeistring (*tidlegare mandat 5*). • Styrkje samhandling mellom kommune og fastlegar, med mål om felles forståing og aktiv bruk av skrøpelegheitskartlegging i alle relevante tenester • Styrkje samhandling på tvers av tenestene våre og samhandlinga mellom desse	X	X	X	O/T
Tiltak som gjeld for fleire tenester	5	Innføra tydeleg oppgåvedeling på tvers av tenestene, inkludert nattressursar. Målet er betre ressursbruk, rett kompetanse til rett tid og meir målretta bruk av velferdsteknologi.	X	X		O/T
	6	Følgja opp mandatarbeidet (M22) om samhandling og framtidig bustadstruktur: regulering, bygging, kartlegging og innføring i drift.	X	X	X	O/T/I

	7	Vidareutvikle systematisk etikkarbeid, og involvere brukarar og pårørande i etisk refleksjon der det er relevant.	X	X	X	O
	8	Opprette funksjon som driftsteknikar/administrator, og der rolla drifte og leggje til rette for å utløyse potensialet i tekniske system for mellom anna helse. Oppgåver kan vera teknisk drift av: Bilpark, ladestasjonar, sjukesignalanlegg, kjøkkenutstyr, velferdsteknologi, medisinsk utstyr mm.		X	X	T
	9	Gjennomføra ei samla omstilling av organisering, leiing, oppgåvedeling og digital støtte i helse-, sosial- og omsorgstenestene. Arbeidet skal byggja på pwc-rapporten, økonomisk situasjon og behovet for ei fagleg robust drift. Tiltaket omfattar strukturendringar, vurdering av leiartettleik, meir ambulerande drift, trygg innføring av nye journalsystem (HSO m/Samstemt-prosjektet + Legetenesta), sjukesignalanlegg, auka bruk av elektroniske skjema i klart språk, kunstig intelligens og andre digitale verktøy for å automatisere og trygge kvardagen for innbyggjarane våre og våre tilsette. Målet er betre kvalitet, meir effektiv ressursbruk, trygg informasjonsflyt og likeverdige tenester for innbyggjarar som ikkje brukar digitale løysingar.	X	X	X	O/T/I
	10	Styrkja rådgjevande eining for rus-saker som føl nye nasjonale føringar som kjem.	X	X	X	O
Psykisk helse-tenester og rusarbeid Kap 3.5.	11	Vidareutvikla familiekoordinatoren i «Nye mønster», i samarbeid med tenestene.		X	X	O/ T
	12	Vidareutvikle aktivitetstilbodet på Nyving i samarbeid med frivillige.		X	X	O
	13	Avklara framtidig lokalisering av Nyving.	X	X		I
	14	Kartleggje status for lågterskeltilbod til personar med alvorleg rusavhengigheit og psykiske lidingar. Sjå særskilt på personar som ikkje har vedtaksfesta behandling. Målet er betre koordinering og oppfølging, og betre livskvalitet. Avklare ansvar og ansvarsdeling. Punktet er knytt til rusmiddelpolitisk plan.			X	O/T
Tenester for menneske med utviklings-hemming/ forstyrringar Kap 3.6	15	Sikre gode overgangar frå barne- og ungdomstid til vaksenliv (skule, tenester og arbeid/aktivitet)		X	X	O/T
	16	Planleggje ei framtidsretta løysing og lokalisering for arbeids- og aktivitetstilbod. Avklare kva tilbod det er behov for.			X	O/T/I
	17	Setje i verk resterande tiltak frå mandat 22 og 26	X	X		O/ T
	18	Vidareutvikla og evaluera avlasting for personar over 18 år i treningsbustad prosjektet, kartleggja og politisk forankra arbeidet og vurdera om prosjektet skal rullast ut i ordinær drift.	X			O/T
Heimetenester (generelt) Kap 3.7.	19	Vurdera alternativ for utkøyring av mat og handling for å frigjera tid til andre prioriterte oppgåver.			X	O/ T
	20	Styrkja heimetenestene med stegvis auke i ressursar, halde og bygge kompetanse og meir bruk av velferdsteknologi.	X	X	X	O/T/I
Aktivitetstilbod (eldre, personar med demens, andre	21	Vidareutvikla og styrkja dagtilbodet for personar med kognitiv svikt og deira pårørande, gjennom deltaking i læringsnettverk og aktiv oppfølging av tiltak frå demensplan 2024.	X	X	X	O/T

helseutfordringa r) Kap 3.8.						
«Omsorgs pluss» - tilbod *(jf. òg bustad-plan)* Kap 3.9.	22	Gjennomføra renovering av Sokkelen. Starta opp drift i tråd med vedteke rapport frå mandat 30–33	X			O/T/I
	23	Avklara og sikra prosess og ny plassering for kjøl og minnelokalet.	X	X		T/ I
	24	Greia ut og leggja fram plan for korleis alle institusjonar i Bømlo kan bli meir demensvennlege. Arbeidet skal omfatta BBH og THL, og sjå samla på kompetanse, fysisk miljø, bygg, velferdsteknologi og ressursbruk. THL skal planleggjast med forsterka skjerma eining for personar med særleg behov for tryggleik og tett oppfølging.	X	X	X	O/T/I
	25	Sansehagen: vidareutvikle og bruke aktivt. Styrkje samarbeid med frivillige, skular og barnehagar (Livsgledehjem).			X	O
Legetenester Kap 3.11.	26	Vurdera å ta inn ein ekstra LIS1-lege i legetenesta i Bømlo. Arbeide for ei stabil fastlegedekning i kommunen; sikre gode vilkår for både næringsdrivande og fastlønna legar. Halde på eksisterande legar og rekruttere nye. Bruke utarbeidd plan for gode ALIS-løp og systematisk oppfølging gjennom spesialiseringsløpa.	X	X	X	O/T
	27	Vidareutvikla ei framtidsretta og berekraftig legeteneste med meir bruk av digitale løysingar og kunstig intelligens for å effektivisera arbeidsprosessar. Sikra innføring og bruk av nasjonale og kommunale løysingar, mellom anna Pasientens legemiddelliste, e-multidose og pasientens prøvesvar.	X	X	X	O/T/I
	28	Styrkja fagmiljø og internundervisning gjennom ein målretta plan. Vidareutvikla og ta i bruk kvalitetssystem for legetenesta, inkludert årshjul og planar for legar og anna helsepersonell.	X	X	X	O/T
	29	Sikra at legetenesta i Bømlo til ei kvar tid har nok legar som kan delta i legevaktordninga.	X	X	X	O
	30	Sikra at legetenesta har nok legar til å ivareta kommunale legeoppgåver, og leggja til rette for fagleg utvikling i tråd med ALIS-læringsmåla. Vurdera ressursbruken knytt til desse oppgåvene.	X	X	X	O
	31	Styrkja systematisk oppfølging av sjukefråvær gjennom tettare samarbeid mellom kommune, samarbeidsutvalet og fastlegar		X	X	O
Sosiale tenester, Nav Bømlo Kap 3.12	32	Auka kapasitet og ressursar i gjeldsrådgjeving.		X	X	O/T
	33	Styrkja arbeidsretta oppfølging av flyktningar og deltakarar i Jobbsjansen.	X	X	X	O
	34	Avklara vidare behov og finna ei betre løysing for lokala til Basen.	X	X		I
Pårørande Kap 3.14, og 1.1	35	Vidareutvikla og systematisera pårørandearbeidet gjennom målretta tiltak for auka kompetanse (DIGGPÅ kompetanseverktøy og IVARETATT undersøkinga) samt rulle ut pårørandestrategi	X	X		O
Vald i nære relasjonar	36	Delta og støtte arbeidet med nytt bygg for Krisesenter Vest IKS, i tråd med politiske vedtak.	X	X	X	T/I
	36	Vurdera å ta i bruk programmet TryggEst i samarbeid med Krisesenter Vest og andre kommunar			X	O/T

	38	Førebyggje vald i nære relasjonar gjennom tilrettelagde lågterskeltilbod, kompetansebygging og tverrfagleg samhandling i tenestene.	X	X	X	O
Samhandling med eksterne	39	Delta aktivt i utviklinga av Helsefellesskapet Helse Fonna, USHT Helse Fonna.	X	X	X	O
	40	Delta i samarbeidsprosjekt mellom kommunen og spesialisthelsetenesta om skrøpelege eldre *(Helsefellesskapa i Helse Fonna-regionen).*	X	X	X	O
Rekruttering og kompetanse	41	Følgje opp kompetanse- og rekrutteringsplanen, inkludert godkjent handlingsplan	X	X	X	O
	42	Vidareutvikle ordning for betre ressursbruk, heiltidskultur, helsefremjande turnus som bidrar til redusering av overtid, og auka ambulerande drift.		X	X	
	43	Delta i tenesteutviklingsarbeid for å gi unge utanfor arbeid og utdanning moglegheit til arbeid og varig jobb gjennom tilretteleggingsprosjekt.			X	O / T

Forklaring på forkortingar i tekst.

* PSH Psykisk helse og rus, BFT Barne og familietenesta, THL Teiglandshagen, HAB Habiliteringsteneste, EFT Ergo-Fysiotenesta, BHT Bømlo heimetenester, TKH Tenestekontoret.
* LIS1-lege Lege i spesialisering, ALIS- Allmennlege i spesialisering, USHT Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester Helse Fonna.
*SAMSTEMT Prosjekt m/Bergen om anskaffing av EPJ.